



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Kunst i offentlege rom

Seminar i Førdehuset
19. september 2019



Kunst i offentlege rom

Kvifor er kunst i offentlege rom viktig? Korleis bruke kunst i stad-utvikling? Kva må til for at kunst skal bli ein naturleg del av planarbeid og ved utbygging? Kva ressursar finst på feltet? Og korleis kan vi inkludere mange og rett i lokale prosjekt?

Dette er nokre av spørsmåla vi søker svar på når Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane, Norske Kunst-håndverkere Vest-Norge, Sogn og Fjordane Kunstlag, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og fylkeskommunen inviterer til seminar om kunst i offentlege rom i festsalen i Førdehuset 19. september.

Program

09.30 *Registrering og kaffi*

10.00 Opning

Velkomen ved Jenny Følling, fylkesordfører,
Kunstnarleg musikkinnslag ved Lillian Samdal,
Presentasjonsrunde

10.30 Kvifor kunst i offentlege rom?

Per Morten Ekerhovd, ny fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylke,
Truls Ramberg, kurator i kunstseksjonen i KORO,
Britt Smelvær, kunstnar med røter i Sogn og Fjordane
Spørsmål og innspel

12.00 *Lunsj*

13.00 Kunst og design i lokalsamfunnsutvikling

Tone Einelia, prosjektleiar for «Levande lokale» i Lærdal

13.45 Auka kunstfagleg og kulturelt medvit ved stadutvikling og utsmykking

Petra Rahm, biletkunstnar og prosjektleiar for kunst i det offentlege rom ved
Hordaland kunstsenter

14.15 Sogn og Fjordane Kunstmuseum som ressurs i arbeidet med kunst i offentlege rom

Hanne Storm Ofteland, avdelingsdirektør ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum

14.30 *Pause*

14.45 «Så snart eit kunstverk blir plassert i det offentlege rom, involverer det fleire og angår andre»

Christel Sverre, Kunstbanken Hedmark kunstsenter / prosjektleiar og kunstnarisk konsulent for KORO

15.15 Spørsmål og innspel

15.30 Endring gjennom undring

Bjørn Are Vollstad, arkitekt og kjartanistansk diplomat, skribent og undringsagent

15.55 Takk for i dag

Endringar kan forekomme

Innleiarar

Truls Ramberg. KORO: Produsent, forvaltar og formidlar av kunstprosjekt



KORO er statens fagorgan for kunst i offentlege rom og har som hovudoppgåve å sikre at flest mogleg skal kunne oppleve kunst av høg kvalitet i offentlege inne- og uterom over heile landet.

Truls Ramberg er kurator i KORO og vil innleie om KORO sine ressursar og om korleis kunst kan nyttast i by- og stadutvikling.

Britt Smelvær. Kunstnar med røter i Sogn og Fjordane



Britt Smelvær vaks opp i Øvre Årdal, men har budd det meste av sitt vaksne liv i Danmark. Smelvær har produsert offentlege kunstverk i fylket, og har hatt mange utstillingar og bidratt med utsmykkingar fleire stader i Norden.

Britt Smelvær er ein av dei fire kunstnarane som stilte ut i 1979, under den første Vevringutstillinga. Dei fire første kunstnarane har stilt ut kvart tiande år og er tilbake under årets Vevringutstilling 20.-22. september. Smelvær er også aktuell med utstilling på Kystmuseet i Flora fram til slutten av september.

Per Morten Ekerhovd. Kunstvisjonar for nye Vestland fylke



Per Morten Ekerhovd blir fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering i nye Vestland fylkeskommune.

Ekerhovd vil fortelje om sine visjonar når det gjeld satsing på kunst i nye Vestland fylke. Han vil også presentere Hordaland fylkeskommune sin strategi for kunst i offentleg rom.

Tone Einelia. Kunst og design i lokalsamfunnsutvikling



Tone Einelia vil innleie om sin metode for stadutvikling gjennom satsing på kultur, kunst og design. Einelia vil snakke om metodar for mobilisering av lokalsamfunn og organisering og styring av prosjekt som opne innovasjonsprosessar. Korleis aktualisere ein stad, involvere rett, men breitt, inspirere og skape

felles ambisjonar? Nye samhandlingsmetodar, næringsutvikling og auka verdiskaping.

Tone Einelia har vore prosjektleiar for omstillingsprosjektet «Levande lokale» i Lærdal og leier no eit kunstprosjekt på Lærdalsøyri med støtte frå KORO.

Petra Rahm. Auka kunstfagleg og kulturelt medvit ved stadutvikling og utsmykking



Petra Rahm vil gje ein presentasjon av Hordaland kunstsenter sitt arbeid med kunst og offentleg rom. Hordaland kunstsenter bistår offentlege og private aktørar med råd og informasjon, og arbeider for auka kunstfagleg og kulturelt medvit i arbeidet med stadutvikling og utsmykking.

Petra Rahm er prosjektleiar for kunst i offentlege rom ved Hordaland kunstsenter. Ho er også biletkunstnar og jobbar som kunstkonsulent.

Hanne Storm Ofteland. Sogn og Fjordane Kunstmuseum som ressurs i arbeidet med kunst i offentlege rom



Sogn og Fjordane Kunstmuseum arbeider no med ein strategi for å ta posisjon som kunstnarsenter.

Hanne Storm Ofteland, avdelingsdirektør, vil orientere om korleis kunstmuseet vil bli ein ressurs i arbeidet med mellom anna kunst i offentlege rom.

Christel Sverre. «Så snart eit kunstverk blir plassert i det offentlege rom, involverer det fleire og angår andre»



Kva roller kan kunsten spele i offentlege rom? Og kva krevst av dei som er involvert i å gjennomføre slike kunstprosjekt?

Christel Sverre er tilsett i Kunstbanken Hedmark Kunstsenter der ho har ansvar for utstillingsproduksjon og kunst i offentlege rom. Christel Sverre har ei omfattende og allsidig erfaring som kunstnar og uavhengig produsent og kurator. Ho har vore prosjektleiar og kunstnerisk konsulent for KORO sidan 2001.

Bjørn Are Vollstad. Frå undring til endring



Om undring i kvardagen. Om verdien av å legge til rette for det uventa. Om framveksten av eit naustdalskjartanistansk ambassadeskap.

Bjørn Are Vollstad er arkitekt og kjartanistansk diplomat, skribent og undringsagent.

Praktisk informasjon

Påmelding: Via nettsidene til Sogn og Fjordane fylkeskommune

Påmeldingsfrist: 5. september

Pris: Kr 500,-

Stad og tid: Festsalen i Førdehuset, Førde torsdag 19. september 2019

Målgrupper: Kommunetilsette på plan og kultur, politikarar, kunstnar-organisasjonar, institusjonar, kunstnarar, galleristar, eigedomsutviklarar, arkitektar og andre interesserte.

Mål: Løfte merksemda og auke kunnskapen om kunst i offentlege rom. Inspirere kommunar og andre utbyggjarar til å løfte kunst i offentlege rom som del av planarbeid og ved utbyggingar. Synleggjere ressursar i arbeidet med kunst i offentlege rom.

Ressursgruppe for seminaret: Hanne Storm Ofteland, Karina Siegmund, Aud Marit Skarrebo Holmen, Torhild Vie, Sissel Lillebø Aarseth, Åge Avedal.

Kontaktperson: Åge Avedal, rådgjevar næring- og kulturavdelinga Sogn og Fjordane fylkeskommune. Mobil: 970 72 734. E-post: age.avedal@sfj.no.

Arrangørar: Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane, Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge, Sogn og Fjordane Kunstlag, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Sogn og Fjordane fylkeskommune



Vevringutstillinga 40 år!

I 40 år har Vevringutstillinga vore eit utstillingsvindaug for samtidskunst lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Vi ønskjer å vise mangfaldet, vere dør-opnar og inkludere alle uansett alder i samtidskunsten sitt utrulege univers.

25 kunstnarar frå Danmark, Sverige, Sør-Afrika, USA og Noreg er med på jubileet 20.-22. september. Kunstnarane arbeider innan biletkunst, skulptur, installasjon, tekstil, glas, keramikk, smykke, performance og musikk.

Skulptur, Geir Hjetland
Foto: Vevringutstillinga

Framsidedfoto: Skulpturane Perler av Ola Lysgaard. Foto: Øystein Klakegg
Bakgrunnsfoto side 2: Skulpturen The Goblin's Raincoat av Mikkel Wettre. Foto: Hilde Honerud
Uforming: Kristinkom.no